



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Fellesnemnd	

Sakshandsamar:	Lindås kommune	Ørjan Raknes Forthun
	Arkivnr.: 18/190	Klassering:

Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Fellesnemnda vedtek reglar for handsaming av spørsmål og tinging av utgreiing slik dei går fram av saksutgreiinga som tillegg til «Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune».

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Fellesnemnda vedtok «Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune» i sitt møte 4. desember 2017. Dette reglementet inneholder ikkje reglar for handsaming av spørsmål og liknande. Med bakgrunn i innkomne interpellasjonar er det naudsynt å ha reglar for korleis desse skal handsamast.

Fellesnemnda utsette i sitt møte 3. desember 2018, denne saka. Handsaming av spørsmål og interpellasjonar i dei tre kommunestyra i dag er lagt til rette for kommunar i full drift. Fellesnemnda har ansvar for planlegging av samanslåing av tre kommunar.

Saksutgreiing

Forslaget nedanfor har teke utgangspunkt i handsaminga av spørsmål og interpellasjonar i dei tre kommunestyra i dag, men er tilpassa det oppgåveomfanget som er lagt til fellesnemnda. Det vert lagt opp til at medlemmene av fellesnemnda kan stille enkle spørsmål i møta eller be om utgreiing om ein konkret sak knytt til planlegginga av samanslåinga til neste møte. Dette vert nytt punkt 1.15 i reglementet. Gjeldane 1.15 og 1.16 vert høvesvis 1.16 og 1.17:

1.15 Reglar for spørsmål og tinging av utgreiing:

Spørsmål og tinging av utgreiing knytt til planlegging av samanslåing av kommunane skal handsamast til slutt i møtet. Det vert sett av inntil 30 min. Spørsmål og tinging av utgreiing vert handsama i den

rekkefølgja dei er komen inn. Det skal vera tydeleg skilje på om det er spørsmål eller tinging av utgreiing som vert handsama. Leiar av fellesnemnda avklarar dette.

a. Spørsmål

Utanom dei sakene som står i innkallinga til fellesnemnda, kan medlemmer og varamedlemmar som er tilstade, retta spørsmål til leiar av fellesnemnda. Spørsmål skal meldast skriftleg til leiar av fellesnemnda minst 3 virkedagar før møtestart. Leiar av fellesnemnda kan la programansvarleg eller ein som opptrer på vegne av programansvarleg, svara. Ved handsaming av spørsmål kan den som spør og den som svarar ha eit innlegg kvar. Dei kan dessutan ha ordet ein gong kvar til konkrete merknader. Ingen andre kan ha ordet.

b. Tinging av utgreiing

Spørsmål av meir prinsipiell art, der det vert føresett meir omfattande svar og eventuelt debatt, vert å handsame som tinging av utgreiing. Tinging av utgreiing skal meldast skriftleg til leiar av fellesnemnda minst 3 virkedagar før møtestart. Fellesnemnda avgjerd med alminneleg fleirtal om ein skal tinge utgreiinga. Utgreiinga skal i tilfelle ligge føre til neste møte i fellesnemnda.

.....

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost